

KOMMISJONSAVGJERD**2016/EØS/12/23**

av 21. mai 2010

om skiping av eit register over biocidprodukt*[meld under nummeret K(2010) 3180]*

(2010/296/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR,

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 98/8/EF av 16. februar 1998 om markedsføring av biocidprodukter⁽¹⁾, særleg artikkel 18 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) For å gjere det lettare for medlemsstatane å oppfylle kravet om å sende inn opplysningar om godkjenning og registrering av biocidprodukt som er fastsette i artikkel 18 nr. 1 i direktiv 98/8/EF, bør det skipast eit standardisert informasjonssystem på EU-plan i form av eit register over biocidprodukt, heretter kalla «registeret».
- 2) For å sikre samsvar mellom opplysningane skal alle medlemsstatane nytte registeret til å leggje inn dei opplysningane som krevst i medhald av artikkel 18 nr. 1 i direktiv 98/8/EF.
- 3) Ettersom det standardiserte informasjonssystemet framleis er under utvikling, bør denne avgjerda nyttast på eit seinare tidspunkt.

- 4) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for biocidprodukt —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Det vert skipa eit register over biocidprodukt.

Artikkel 2

Medlemsstatane skal leggje inn dei opplysningane som krevst i medhald av artikkel 18 nr. 1 i direktiv 98/8/EF i registeret over biocidprodukt.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal nyttast frå 1. juli 2010.

Artikkel 4

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 21. mai 2010.

For Kommisjonen

Janez POTOČNIK

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 126 av 22.5.2010, s. 26, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 130/2011 av 2. desember 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 15 av 15.3.2012, s. 16.

(¹) TEF L 123 av 24.4.1998, s. 1.